# Slik melder du deg inn i Førde volleyballklubb.

Du må ha ein brukarprofil på Min Idrett.

1. Etter at du har klikka på lenkja: https://medlemskap.nif.no/25720, får du biletet under. Her kan du velje om du skal melde inn deg sjølv eller barnet ditt, ev. ektefelle/andre som er registrerte med familietilknyting til deg.




- Dersom du ikkje har brukarprofil i Min Idrett, må du opprette dette først. Klikk på denne lenkja: https://www.minidrett.no/ og opprett ny brukar der.




- Du må legge inn personopplysningar, inkludert fødselsnummer og e-post.
- Du må også lage eit passord som du seinare brukar når du loggar inn i Min Idrett

2. Du får deretter opp valalternativ på to ulike kontingentar. Vi ønskjer at spelarar (aktive medlemmar) betaler den på kr. 100,-, og så håpar vi at foreldre/føresette eller andre familie-medlemmer vil bli støttemedlemmer og betale kr. 200,- (Sjå biletet under) .



3. Dersom du ikkje tilhøyrer noko treningsgruppe og berre skal vere støttemedlem eller medlem, treng du ikkje hake av for noko meir, men gå rett til betalingssida.




Hugs at du uansett må hake av for at du er kjend med vilkåra for å kome vidare.




4. Dersom du er aktiv medlem, og skal betale treningsavgifta også, hakar du av for treningspartiet du tilhøyrer.

   - Sjå i klubbhandboka om du er i tvil om kva for gruppe du skal huke av for.




NB!

a) Spelarar betaler treningsavgift for den gruppa dei trenar med sjølv om det ikkje stemmer med alderen.
b) Trenarar som trenar eigne barn, skal betale halv treningsavgift for barnet dei trenar. Desse vil få tilsendt faktura for treningsvgifta manuelt og skal ikkje betale treningsavgift via innmeldingssida.




5. Du kan også plassere deg/den du melder inn direkte inn i utvalet han/ho høyrer til.

6. Til slutt går du til betalingssida og sjekkar at beløpet du skal betale stemmer.




- Deretter vel du betalings-form og betaler digitalt.
- Legg merke til at innbetalinga vert registrert hos Norges Idrettsforbund.






7. Avslutningsvis får du ei kvittering for at innmeldinga er fullført og ei takkemelding frå klubben.







Takk for at du støttar oss og velkomen på laget 😊